



Asplan Viak AS
Postboks 24
1301 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2949 - 19/1133

Sakshandsamar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
24.01.2019

Dispensasjon for graving av stikkledningar frå privathus innanfor 200 meter frå heile va-anlegg Hosanger -Hamre

Administrativt vedtak. Saknr: 026/19

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-4.

Søkjjar: Asplan Viak AS
Tiltakshavar/fakturamottakar: Osterøy kommune, miljø og teknikk
Søknaden motteke: 02/10/2018 – siste 08/11/2018

RÅDMANNEN SITT VEDTAK

" I medhald av delegert mynde til rådmannen frå heradsstyret av 14.12.2011 vert det gjort slikt vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føresegna samt byggeforbodet langs sjø og vassdrag for private stikkledningar til offentleg VA-leidning i ei 200 meters sone ut frå offentleg leidning slik vist på vedlagde kart på følgjande vilkår:

Der leidningar går over dyrka eller dyrkbar mark det sett følgjande vilkår:

- **Overdekning på fulldyrka mark skal vere minimum 100 cm over røyra.**
- **Overdekning på overflatedyrka jord skal vere minimum 50 cm**
- **Det bør unngås å krysse drengrofter og dersom det blir naudsynt må dei ordnast slik at grøftene verkar minst like godt som før tiltaket.**
- **Matjorda skal ikkje blandast med underjorda, men haldast kvar for seg.**
- **Matjorda skal handterast skånsomt og leggst tilbake som topplag.**
- **Anleggsarbeidet må ikkje utførast i vekstsesongen og jordarbeidet med tilsåing og gjødsling må avsluttast før vekstsesongen tek til.**
- **Jorda må ikkje arbeidast med når den er våt, til dømes i periodar med sterk nedbør.**

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for legging av private stikkleidningar til offentleg VA-leidning i ei 200 meters sone ut frå offentleg leidning. Områda dette gjeld er vist i kartvedlegg, det er der VA-anlegget frå Hosanger til Hamre går over land, og sona på 200 meter er i tråd med kommunen sitt vedtak om tvungen påkopling til offentleg leidning.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09/11/2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato .

Planstatus

Eigedomane ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Grunngjeving er helse og miljø, reint drikkevatt og betre handtering av eksisterande avlaup. Ei anna grunngjeving er at her vert svært mange einskilde byggesaker, dette får lengre handsamingstid og større kostnad for dei som får krav om tilkopling ved å handsame kvar leidning som dispensasjon..

Uttale frå anna styresmakt

Det er kome inn merknad frå fylkesmannen i Hordaland, denne går på å ivareta brakkvass- området lengst inne i Raknesvågen.

Det ligg eksisterande leidningar her, det skal ikkje gravast nye i dette området.

Nabovarsling vert å utføre ved byggesakene.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplanar vedlagd.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik, landbruk og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore og gje dispensasjon for slike anlegg på vilkår.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket betrar helse og miljø for mange i eit stort område.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå LNF-føresegna samt byggeforbodet langs sjø og vassdrag.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Konklusjon

Kommunen gjev dispensasjon til oppføring av stikkleidningar.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. VA-anlegget er handsama politisk, det er og kravet om tilkoplingprivat stikkleidning inntil 200 meter frå offentleg VA-leidning.

Saka vert send overordna mynde for klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2949

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum kr
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan	1	17.600,-
	Totalt gebyr å betala		17.600,-

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					17.600,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Hege Eeg
leiar teknisk forvaltning

Sture Helle
Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

HB210
HB310
HB410
HB710
HB610
HB510

Kopi til:

Asplan Viak			
Fylkesmannen i Vestland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Osterøy kommune v/miljø og teknikk	Rådhuset	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:

Asplan Viak AS	Postboks 24	1301	SANDVIKA
----------------	-------------	------	----------